



Statsforvalteren i Oslo og Viken,
Postboks 325, 1502 Moss
(sfovpost@statsforvalteren.no)

Kommentarer til «Tiltaksplan for villreinen på Hardangervidda»

Naturvernforbundet Hardanger har stor interesse i forvaltninga av Hardangervidda og alle randsoneområda. Våre medlemmer soknar til kommunane Kvam, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang og alle desse kommunane har rein i utmarka.

Tidshorisonen i den tenkte «Tiltaksplanen» er viktig både for reinen og for alle som ynskjer ein sunn og berekraftig villreinstamme på Hardangervidda. I påvente av den nye stortingsmeldinga, vil dette vere ein prøvestein for alle ansvarlege i reinforvaltninga: Kan me få til handlekraftige tiltak som verkeleg fungerer? Det er nok av faglitteratur som peikar på alle problem me har skapt for villreinen dei siste generasjonar, men skal ein lukkast i dette arbeidet er det mest grunnleggande eit **bra samarbeide**.

Delt forvaltningsansvar

I dag er ansvaret for villreinen nesten pulverisert. Staten og departementet har gjerne store ambisjonar, men klarer sjeldan å stå imot det politiske presset frå lokale og regionale interesser. Arealforvaltninga skjer først og fremst på kommunenivå. På trass av omfattande arealvern som nasjonalpark eller landskapsvernområde er inngrepa så talrike at villreinen og fleire andre arter og naturtypar er på raudlista.

Dagens arealforvaltning i villreinens leveområder er rett og slett ikkje berekraftig. Dei regionale planane har ikkje fått fotfeste og det er lite som visar att. Intensjonen med «**Regional plan for Hardangervidda**» frå 2009 og 2019 var god, men viser seg vanskeleg å gjennomføre:

«Det er en overordnet nasjonal målsetting at Norges unike fjellandskap skal tas vare på som leveområder for sårbare arter, regionalt og nasjonalt rekreasjonsområde og som næringsgrunnlag for levende bygder. Fjellområdene skal forvaltes som landskap der kultur- og naturressursene, næringsmessig utnyttning og friluftsliv sikres og gjensidig utfyller hverandre. Villreinen skal ha en sentral plass i norsk fjellfauna også i framtida, og det et nasjonalt mål at villreinens leveområder skal sikres. Dette skal skje gjennom regionale planer.»

På lokalt og kommunalt nivå er det lite interesse for ein heilskapleg areal- og arts-forvaltning som krev avveging. Konkret viser dette i enkeltsaker som omhandlar dei store trekkrutene og mobiliteten til reinen. Vegstenging, ferdselavgrensning og tilbakeføring/restaurering av areal i enkelte område, er eit sentralt element om ein skal/vil bringa vitalitet tilbake til villreinen på Hardangervidda. Men her har mange kommunar konsekvent motarbeidd sentrale føringar og vil heller utvide enn avgrense sin aktivitet. Eit klassisk døme er vinterbrøytinga. Dette kjem tydeleg fram i saka om vinterveg over Imingfjell, som tok fleire år å få avklart.



Naturvernforbundet

Hardanger

Vidare sitert frå 2006 i «**Regional plan for Hardangervidda**» «*Planene skal fastsette en langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for de aktuelle fjellområdene med influensområder. De vil være retningsgivende for kommunal planlegging og gi føringer for statlig og fylkeskommunal sektorplanlegging. Planene vil være et ledd i oppfølging av regjeringens samlede politikk for fjellområdene. — Planene skal forene målene om lokal omstilling og utvikling med nasjonale mål om helhetlig forvaltning av fjellområdene og sikring av villreinens leveområder*»

Nesten 20 år seinare er få av dei gode intensjonane implementert. Naturvernforbundet Hardanger opplever dette som ein fjern røyndom og vil visa til to viktige saker som verserer per dags dato: Eidfjord resort i Eidfjord kommune som omhandlar alpinanlegg, senterutvikling, og omlag 500 fritidsbustader.

Ein planlagt gondolbane til Rossnos 1408m over fjorden i Odda i Ullensvang kommune.

Begge representerer det klassiske inngrepet i villreinens leveområde og er ein oppskalering frå dei mange mindre inngrepa i randsona og sjølvje nasjonalparken. Absolutt alle faginstansar har frårådt desse utbyggingsplanane og det herskar ingen tvil om belastninga for villreinen dersom dei vert gjennomført. I Eidfjord har kommunen i mange år promotert Maurseth-resort og det vart godkjent i 2019 i Kommunal- og moderniserings-departementet





Naturvernforbundet

Hardanger

Også i Odda har Ullensvang kommune vore ein pådrivar. Samtlege faginstansar opp til Statsforvaltarnivå har vore sterkt kritiske til prosjektet, og status no er at det delvis kommunalt eigde utbyggingselskapet Hardanger Lift har varsla eit omarbeidd reguleringsplanforslag etter at Statsforvaltaren i Vestland fremma motsegn mot det opprinnelege planforslaget. Uansett nytt forslag så vert villreinen nødvendigvis sterkt påverka av ferdsel frå ein heilt ny inngangsportal mot Hardangervidda om prosjektet vert realisert. Begge sakene handlar i stor grad om lokale økonomiske interesser der næring- og bygdeutvikling er dei gjennomgåande argumenta. Saka speglar tydeleg kor lite handlekraftig systemet er og korleis villreinen også i denne saka vil tape og måtte tåla nye belastningar.

Den nye innsikta

Villreinforvaltninga i Norge og i særdelesheit på Hardangervidda berer sterkt preg av tradisjon. I meir enn 100 år har bønder, grunneigarar og jegerinteresser dominert forvaltninga av området.

Frå 70 talet gjennom nasjonalparkforvaltninga kom dette inn i litt andre formar, men hovudtrenden vart vidareført med sterk kommunal råderett. Beitebrukarar og bønder har i stor grad brukt vidda utan innblanding frå vernemyndegheitane. Det er først i dei siste 20-30 åra ein har vurdert dette som ein negativ utvikling for villreinen og forska på problemstillingane.

Nasjonalparkforvaltninga i Norge er blant dei mest liberale i Europa. Mantraet i alle år har vore sambruk, næringsutvikling og lokal råderett. Mange av dei kompliserte problemstillingar rundt villreinen er heilt klart relatert til denne politikken og den ganske store ukontrollerte ferdsel året rundt.

Ny forskning visar den klare samanhengen mellom menneskeleg aktivitet og villreinens bevegelsar «*Statistisk modellering av samlet belastning av menneskelig aktivitet på villreinområder...*» « NINA rapport frå 2022.

Vil me gjere livet enklare og rolegare for reinen må me ta tak i desse utfordringane; lage nye regler og avgrense element som forstyrrar på dei viktige tidene.

Samtidig må forvaltninga flytte blikket frå næringsutvikling og sambruk til økologisk naturforvaltning. Nina rapport 2097 «*Nye virkemidler i arealforvaltningen – naturrestaurering, arealregnskap og naturavgift 2022*» påvisar at samfunnsgevinsten er størst ved intakt natur.

Gjennom CWD eller skrantesjuka har dette fått ny aktualitet og er kanskje den einaste måte å løysa desse utfordringane på. Massenedskytinga av reinen i Nordfjella var eit døme på ein forfeila forvaltningspolitikk, som sett mennesket i senteret for all utvikling.

Rovdyra har ein essensiell plass i alle typar natur. I generasjonar har me forfakta dette i forvaltningsapparatet i Norge og konsekvent fokusert på beite og jaktuttak.

Nye internasjonale krav og forskning visar kor viktig «rewilding» faktisk er.

Samfunnsinteressene (gevinsten) er langt større ved ein tilbakeføring av natur enn ved demonteringa slik me praktiserer i dag. Rovvilt eller jerv på vidda vil halde CWDen i sjakk gjennom uttak av dei svakaste individa.



Naturvernforbundet
Hardanger

Naturvernforbundet Hardanger ynskjer følgjande tiltak inn i planen:

- Planvask i alle kommunar. Stans i hyttebygginga og andre inngrep i randsona til Hardangervidda og i nasjonalparken.
- Meir makt til statsforvaltaren og mindre til kommunane.
- Beiterestriksjonar i viktige område for reinen.
- Begrense/avvikle leigesau
- Ferdsel-restriksjonar i områder. Stengde hytter er eit alternativ.
- Prøveordning med rovdyr på delar av vidda.
- Nasjonalpark forvaltninga må revurderast.

Naturvernforbundet Hardanger
Klaus Rasmussen
Oddvar Soldal

Øystese 31.5 2023